



MØTEBOK

ÅRSMØTE

STORFJORDENS VENNER

Storfjord kulturhus 7.6.2021 kl 18.00

Styreleiar Inge Bjørdal ønskte velkomen til årsmøte. Ved opning var 21 medlemmar til stades. Det vart servert frukt og kaffi før og under årsmøtet.

1. Konstituering av årsmøte

a. Godkjenning av innkalling og sakliste

Det er kalla inn til årsmøte gjennom NYSS, Bygdebladet, Storfjordnytt, Sunnmørsposten, på www.storfjordensvenner.no, foreininga si Facebook-side og med e-post til medlemmar som er registrert e-post adresse

Sakliste for årsmøtet 2021:

1. Konstituering av årsmøte
 2. Årsmelding 2020
 3. Rekneskap 2020
 4. Arbeidsplan og budsjett 2021
 5. Medlemskontingent 2022
 6. Val
- Godtgjering til styret

Informasjon om Ytste Skotet

Ingen merknader

Vedtak: Godkjent

b. Val av møteleiar

Vedtak: Inge Bjørdal vald til møteleiar

c. Val av referent

Vedtak: Einar Hoel vald til møteleiar

d. Val av to årsmøtedeltakarar til å underskrive møteboka

Vedtak: Helge Søvik og Bjørn Steinar Skarbø vald til å underskrive møteboka

2. Årsmelding 2020

Årsmelding lagt fram og gjennomgått.

Ingen spørsmål til årsmelding. Mindre korrigeringar av namn

Vedtak:

Årsmelding 2020 for Storfjordens Venner vert godkjent

3. Rekneskap 2020

Følgjande vert lagt fram og gjennomgått:

- resultatrekneskap 2020
- balanse pr 31.12.20
- noter
- revisjonsmelding
- prosjektrekneskap

Ingen merknader til rekneskap

Vedtak:

1. Rekneskap 2020 for Storfjordens Venner vert godkjent
2. Overskot kr 282.662,77 vert lagt til eigenkapitalen

4. Arbeidsplan og budsjett 2021

Arbeidsplan og budsjett lagt fram

Forslag til endringar i arbeidsplanen

- Registrering av husmannsplassar i Storfjordområdet. *Tillegg: Aktuell kontakt Stein Fauske*
- Skilting av kulturminne.... *Går ut*
- Framtidig driftsform på Ytste Skotet
- Under Strandsetarmonument: Fastsette namn på monumentet

Forslag til endring i budsjett:

- Avskrivning båt Ytste Skotet. Auka til kr 26.000 (i samsvar med investering i ny båt kr 207.000 og avskrivning over 8 år)
- Ingen andre endringar. Gjev budsjettert underskot på kr 11.000

Ingen merknader til føreslegne endringar

Vedtak:

Arbeidsplan 2021 og budsjett 2021 for Storfjordens Venner vert godkjent med dei føreslegne endringar

5. Medlemskontingent 2022

Kontingent som gjeld for 2021:

Enkeltmedlem	kr 300,-
Familiemedlemskap	kr 500,-
Bedriftsmedlem	kr 900,-

Styret foreslår uendra kontingent.

Vedtak:

Medlemskontingent 2022

Enkeltmedlem	kr 300,-
Familiemedlemskap	kr 500,-
Bedriftsmedlemskap	kr 900,-

6. Val – godtgjering til styret

Styret i Storfjordens Venner:

Styret skal ha sju medlemmar med funksjonstid på to år, minst tre skal vere på val kvart år. (vedtektene § 9, 1. ledd)

Reidun Helsem	2020-21	ikkje på val
Reidar Furset	2020-21	ikkje på val
Arne Furstrand	2020-21	ikkje på val
Elin Smoge	2020-21	ikkje på val

Inge Bjørdal	2019-20	på val
Randi Sæther	2019-20	på val, tek ikkje attval
Nils Roger Matvik	kan ikkje veljast, går ut av styret grunna funksjonstid, (vedtektene § 9, 7. ledd)	

Valnemnda sitt forslag på tre styremedlemmar vedteke:

Inge Bjørdal	2021-22	attval
Kristi Linge Stakkestad	2021-22	ny
Øystein Runde	2021-22	ny

Varamedlemmar

Det skal veljast tre varamedlemmar i prioritert rekkefølge for eit år (vedtektene § 9, 4. ledd)

1.	Mette Døving	2020	på val, tek ikkje attval
2.	Anne Giskemo	2020	på val, tek ikkje attval
3.	Jens Petter Søvik	2020	på val

Valnemnda sitt forslag til varamedlemmar vedteke:

1	Jens Petter Søvik	2021	attval
2	Ragnhild Flåen	2021	ny
3	Ola Ødegård	2021	ny

Styreleiar:

Mellom styremedlemmane skal det veljast styreleiar for eit år (vedtektene § 9, 2. ledd)

Valnemnda sitt forslag til styreleiar vedteke:

Inge Bjørdal	2021	attval
--------------	------	--------

Nestleiar:

Mellom styremedlemmane skal det veljast nestleiar for eit år (vedtektene § 9, 2. ledd)

Valnemnda sitt forslag til nestleiar vedteke:

Arne Furstrand	2021	ny
----------------	------	----

Revisorar:

Det skal veljast to revisorar for eit år

Valnemnda sitt forslag til to revisorar vedteke:

Stein Ivar Krohn	2022	attval
Stig Tryggestad	2022	attval

Valnemnd:

Valnemnda skal ha tre medlemmar vald for tre år.

Helge Søvik	2021-23	ikkje på val
Kjell Løseth	2020-22	ikkje på val
Gro Anita Bårdseth	2019-21	på val

Styret sitt forslag til medlem i valnemnda vedteke:

Gro Anita Bårdseth 2022-24

Styret sitt forslag til varamedlem i valnemnda vedteke:

Merete Løvoll Rønneberg 2022 attval

Godtgjering til styret

Iflg vedtektene § 8, h) skal årsmøtet fastsette godtgjering til styret

Styret foreslår uendra godtgjering i høve til 2020

Vedtak:

1. Godtgjering 2021 til styreleiar: kr 65.000
2. Møtande styremedlemmar, varamedlemmar og andre innkalla som møter:
 Kr 400,- pr møte Møtegodtgjering dekker førebuing og reise til styremøte

Styremedlemmane Nils Roger Matvik og Randi Sæter, samt varamedlemmane Mette Marie Døving og Anne Giskemo, vart takka for innsatsen og overrekt blomar av leiar Inge Bjørdal

Ytste Skotet

Styreleiar orienterte om status for Ytste Skotet. Det kan vere mulegheit for litt aktivitet i 2021. Nokre aktørar, ma 62 Nord/Storfjord Hotell, har vist interesse for å sende gjestar til garden, men det er ikkje avklara enno.

Det har allereie vore dugnad på Ytste Skotet og det vert dugnad seinare i sommar.

Slåttedugnad vert støtta av Statsforvaltaren med kr 85.800,-. Søknad om støtte til å utarbeide skjøtselsplan for Ytste Skotet er førebels ikkje innvilga.

Det vart også orientert om mogeleg samarbeid med museum som har vald å stå utanfor MupSu. Det er no oppretta eit interimsstyre der alle museum/foreiningar er representert og som skal utarbeide forslag til avtale, vedtekter mm. Dette skal i løpet av 2021 leggst fram for det enkelte museum eller foreining for avgjerd om deltaking eller ikkje.

.....
Helge Søvik

.....
Bjørn Steinar Skarbø